

Arkiv i eit ABM-perspektiv

Innlegg på Kulturkonferansen for Hordaland 27.10.2001

Egil Nysæter

Innlegget er tredelt. Først nokre synspunkt på kva som er likt og ulikt i ABM-sektoren. Derneft tar eg for meg nokre aktuelle samarbeidsområde for sektorane. Og til slutt presenterer eg kort tankar om korleis eit bygdebokprosjekt kan vera grunnlag for samarbeid om ein lokal kunnskapsbase. I tillegg må eg nemna at eg har på meg to hattar. Den eine ber eg som fylkesarkivar som ut året har permisjon, den andre som prosjektleiar for bygdebokarbeidet på Stord.

Likt og ulikt i ABM-sektoren

Stortingsmeldinga sine målsetjingar

Stortingsmeldinga om arkiv, bibliotek og museum har som siktemål å gjera den samla ABM-sektoren i stand til å dokumentera, bevare og formidla kunnskap om vårt samfunn i fortid og samtid. For å få til ein meir slagkraftig samla sektor og delsektorar ønskjer dei politiske styresmaktene dels ein del omorganiseringar, dels prioritering av bestemte område, særleg bruk av IKT, og allmennt ei opptrapping av løyvingane. Med andre ord – nye rammevilkår. Det heiter at ein skal ”trekkja full nytte av det potensialet for samordning og samarbeid som ligg føre mellom arkiv, bibliotek og museum, samstundes som det vert lagt til rette for å utvikla dei sektorspesifikke sidene. Samla skal dei kunna yta betre tenester overfor samfunnet.”

Meldinga framhevar sterkt det som er felles for dei tre sektorane, medan hinder for samarbeid og kommunikasjon vert underkommunisert. Det er ikkje vanskeleg – i allefall eit stykke på veg – å vera samd i mykje av det som er skrive om dei allmenne likskapane. Stutt oppsummert dreier det seg om følgjande:

- sektorane vel ut, tar vare på og legg til rette ulike former for kunnskapskjelder og informasjon.
- sektorane forvaltar materiale frå, og formidlar kunnskap om, både fjern og nær fortid slik at notida kan setjast inn i eit historisk perspektiv.
- bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) styrkar fellesskapen ved aukande bruk i ordning og forvaltning av samlingar og materiale, og i formidlingsarbeidet overfor publikum. Dessutan handterer dei tre institusjonstypene i aukande grad digitalt materiale.

Så langt det allmenne. Kva så med likskapar – og ulikskapar – når det gjeld meir konkrete mål og arbeidsmåtar? Eg vil her sjå litt nærare på fire ulike område: type materiale/kjelder, bevaring, formidling og forskning eller kunnskapsproduksjon. Og eg vil teikna med grov pensel.

Materiale

Medan arkiv og bibliotek er orientert mot tekstmateriale, er det gjenstandane som er sentrale i musea. Alle dei tre sektorane er derimot meir eller mindre opptekne av fotomateriale. Fotovernsektoren står derfor fram som ein ekte ABM-sektor trass i at musea ofte er dei som har engasjert seg mest i fotobevaring.

Bevaring

Både arkiv og museum konsentrerer seg om å bevare originalmateriale for all framtid. Ein kan gjerne seia at dei har bevaringsplikt. For biblioteka er det først og fremst Nasjonalbiblioteket som har ein slik bevaringsfunksjon, sjølv om me ikkje må gløyma at lokale og regionale bibliotek som regel har lokalsamlingar med hovudvekt på trykt materiale, og kan ha samlingar av foto og arkiv. Likevel framstår arkiv og musé på ein heilt annan måte enn biblioteka som kulturarvinstitusjonar. Biblioteka må nødvendigvis vera meir generelle (skjønnlitteratur og alle slags faglitteratur) enn arkiv og muse.

Materialet i arkiv og museum er primærkjelder, ubearbeidd materiale som kan vera basis for forskning og dermed publikasjonar i form av bøker, artiklar. Samtidig er det sjølvsagt likevel slik at også publikasjonane er kjeldemateriale, men sekundært.

Formidling

Bibliotek og museum er tradisjonelt sterke når det gjeld formidling til eit breitt publikum. Det gjeld utlån og utstillingar. Her er opplevingssida sentral. Men på grunn av opphavsretten kan ikkje biblioteka gjera tilgjengeleg trykt materiale frå nyare tid over internett. Anten må opphavsmannen ha vore død i 70 år eller ein må ha avtale med vedkomande eller arvingane. Verdifulle gjenstandar kan ikkje lånast ut av musea, men kanskje "dublettar" eller kopiar.

Derimot har IKT opna for at arkiva kan driva formidling på ein heilt annan og meir direkte måte enn før til eit breitt publikum. Det er ikkje opphavsrett til mykje av arkivmaterialet på grunn av alder eller fordi det snakk om offentlege saksdokument. For arkiva er innhaldet viktigast, sjølv om dokument og protokollar også har ei "museal" side. Dokumenta kan leggjast ut i avskrift eller som faksimile (skanning), og dermed gjerast direkte tilgjengeleg døgeret rundt. Det store dømet er Digitalarkivet med base i Bergen. Det er berre ressursar og personvern som i dag set grenser for slik formidling.

Forskning og kunnskapsproduksjon

I motsetning til biblioteka – med unntak av ein del forskingsbibliotek – er arkiv og musé relativt sterkt opptekne av forskingsverdien av det dei har i magasina. Både arkiv og musé av ein viss storleik har personale med forskingskompetanse og kontakt med forskingsmiljøa. Dei dominerande fagfelte er ulike humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, og med sterk vekt på ulike typar historie.

Dei likskapane og ulikskapane som her er nemnde får konsekvensar for samarbeidet mellom sektorane. Det er viktig å ha dei i tankane når me skal planleggja eit realistisk samarbeid.

Samarbeid

Dei tre sektorane har kvar sine kjerneområde både når det gjeld materiale og fagleg profil. Dette har sjølvsagt også dei offentlege styresmaktene forstått. Det er som nemnt både snakk om samordning og samarbeid, men også tilrettelegging for å utvikla dei sektorspesifikke sidene. Det siste skal eg likevel la liggja her når det gjeld arkiv, og i staden sjå litt på nokre område der arkiv kan spela aktivt på lag med dei andre to sektorane.

Eg vil peika på tre område som særskilt aktuelle: kompetanseutvikling, innsamling og oppbevaring, formidling og forskning.

Samarbeid om kompetanseutvikling

Det er tale om naudsynt fagleg utvikling innan og på tvers av sektorane for å gjera arbeidet på ein god og profesjonell måte. Eg skal her berre stutt nemna nokre felt der fagområda har ulik profil, og nettopp difor kan læra av kvarandre. Arkiva er opptekne av dokumenta sitt opphav (proveniens) og samanheng mellom dokument og arkivseriar. Sameleis har dei arbeidd mykje med å utvikla metodar for å velja ut verdifullt arkivmateriale for bevaring. Også spørsmål som gjeld trygg og god fysisk oppbevaring står sentralt. På den andre sida har arkiva mykje å henta når det gjeld aktiv formidling hos bibliotek og musé. Alle sektorane er sterkt opptekne av å utvikla gode registreringsprogram, og det var faktisk dette feltet som starta ABM-tenkjinga her i landet med eit fellesseminar i 1992.

Det er viktig å sjå over profesjonsgrensene for å utvikla eigne fagfelt. Mykje av slikt utviklingsarbeid vil naturleg nok gå føre seg på nasjonalt nivå, men eg trur det vil vera fornuftig om ein starta samtale og arbeid også regionalt.

Samarbeid om innsamling og bevaring

For alle sektorane er innsamling, ordningsarbeid og oppbevaring ein del av det daglege arbeidet. Men det vil i ein del tilfelle vera formålstenleg å organisera avgrensa samarbeidsprosjekt ("skippertak") der ulike institusjonar og sektorar er med.

Det kan peikast på tre samarbeidsfelt: fotovern, arbeid med privatarkiv og bevaring av grått materiale.

Fotovern

Når det nye fotovernsenteret i universitetet sine nye lokale i det gamle BT-bygget vert ein realitet neste vår, vil det vera ein start på eit nytt og lovande samarbeid innan ABM-sektoren. Billedsamlingen ved Universitetsbiblioteket i Bergen og fotoverntenesta ved Hordaland fylkesarkiv får då felles lokale med moderne klimastyrte magasin. Det er no gjennomført ei grov kartlegging av fotobevaringssituasjonen i Hordaland samtidig som fotoarkivaren har etablert kontakt med muse, bibliotek, sogelag og andre som arbeider med å ta vare på eldre foto. Det er alt utført mykje godt arbeid i fleire kommunar. For å følgja opp arbeidet trengst det at fotoverntenesta vert utbygd i samsvar med godkjende planar.

Privatarkivarbeid

Også når det gjeld privatarkiv er det i enkelte kommunar gjort mykje godt arbeid med små midlar. Eg tenkjer då først og fremst på Bergen, men også Odda og Osterøy må nemnast. Det er no behov for ei gjennomgåing av området med tanke å skaffa oppbevaringsplass og ressursar til målretta innsamlingsaksjonar. Nokre av musea har alt ein del arkivmateriale, men problemet er at arkivarbeidet ved musé og bibliotek har lett for å verta salderingspostar når det trengst ressursar til institusjonane sine kjerneområde.

Grått materiale

Det finst verdifullt materiale som lett vert gløymt fordi ingen kjenner sterkt ansvar for innsamling og oppbevaring. Eit slikt felt er alle dei mindre og daglegdagse publikasjonane som me gjerne får i postkassen. Eg tenkjer på brosjyrar, halvt interne blad og aviser, flygeblad, men også på internettpublikasjonar. Noko vert sendt til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, noko vert teke vare i lokalsamlingar eller arkiv, men mykje fell i bossdunkane og vert borte for alltid.

Formidling og kunnskapsproduksjon

Samarbeid mellom sektorane når det gjeld formidling kan truleg best skje gjennom dei dei nye mediene. Eg tenkjer då først og fremst på internett. Eit ekte samordnande ABM-tiltak er her Kulturnett Hordaland som med basis i fylkeskommunen er blitt permanent tiltak frå i år.

For arkiv vil det vera aktuelt å leggja ut materiale med stor etterspørsel på nettet. Av anna materiale bør det presenterast smakebitar i tillegg til at katalogar, register og orienteringar om arkivmaterialet bør vera lett tilgjengelege. Det må innrømmast at det er mykje ugjørt arbeid, sjølv om me i Hordaland er i den heldige stillinga at Statsarkivet i Bergen og Historisk institutt ved Universitetet i Bergen er ansvarlege for Digitalarkivet. Dermed er det skapt eit miljø som fremjar digitalisering av arkivmateriale. Som kanskje mange veit inneheld Digitalarkivet databasar med folketeljingar, kyrkjebøker, emigrantprotokollar, tingbøker m.m. og Hordaland byrjar å bli godt dekkja.

Det er også etablert nokre konkrete samarbeid for formidling av arkivstoff og andre kjelder. I Bergen har byarkivet, statsarkivet, Medisinhistoriske samlingar i Bergen og Lepramuseet gått saman om ein eigen nettutstilling om lepraarkiva som no er på UNESCOs liste over Verdas minne – World Memory. Elles kan nemnast at statsarkivet og Museet Baroniet Rosendal samarbeider om utleggjing av arkivstoff på Digitalarkivet; at Osterøy museum og fotoverntenesta ved Hordaland fylkesarkiv samarbeider om ei fotoutstilling på nettet, og at Interkommunalt arkiv i Hordaland saman med statsarkivet og fotoverntenesta er viktige samarbeidspartnarar for Austevoll folkebibliotek i prosjektet ”Tidsbilde frå Austevoll”. Det siste prosjektet er delvis finansiert av midlar frå Statens bibliotektilsyn sitt prosjekt ”Skjermkontakt med lokalhistorien” som no er i avslutningsfasen. Også prosjektet ”Bygdebok i nettet” er delprosjekt under same paraplyen med Fusa folkebibliotek som sentral aktør.

Som ein ser er dei offentlege arkiva sentrale prosjektdeltakarar. Det må då nemnast at når det gjeld å ta vare på offentlege arkiv er situasjonen i Hordaland god i høve til mange andre fylke. Med statsarkiv, fylkesarkiv, byarkiv og interkommunalt arkiv for kommunane utanfor Bergen er sektoren godt organisert og konsolidert. Det manglar derimot ressursar i form av personale (særleg for å ta vare på elektroniske arkiv) og magasinplass. Dessutan har dei fleste kommunearkiv dårlege lokale og er lite tilgjengelege for publikum. Det er planar om eit felles arkivdepot for kommunane utanfor Bergen. Alternativet kan vera, heiter det i stortingsmeldinga, lokalt samarbeid for oppbevaring og formidling av kommunearkivet med bibliotek og museum. Det finst til no berre eit døme på dette: samarbeidet mellom kommunen og museet på Osterøy.

Bygdebokarbeid som grunnlag for ein lokal kunnskapsbase

I samband med bygdebokarbeidet har som nemnt Fusa i gang eit formidlingsprosjekt over internett. Men manglande kommunale midlar har ført til at prosjektet er stoppa opp. Også Fjell kommune formidlar smakebitar frå kjeldene i sambandet med sitt bygdebokarbeid.

Bygdebokarbeid i ein kommune kan vera ein måte å få i gang ei fornuftig formidling av kulturhistorisk stoff via nettet. Eg vil til slutt fortelja litt om eit planarbeid for å laga eit kunnskapsnett eller ein lokal kunnskapsbase for Stord kommune i samband med nyskriving av bygdebøkene i kommunen. Det er sett av 6 mill. kr for 2001-2005 for å få ut 3 band bygdesoge. Det er til no engasjert 3 forfattarar og skrivearbeidet er nett kome i gang. Frå 2006 er det tanken å gå i gang med gards- og ættesoga.

Kommunestyret har bede prosjektgruppa vurdere korleis internett kan nyttast i samband med bokarbeidet. Det er då også naturleg å ha som bakgrunn den kommunale kulturplanen si målsetjing om at "Innbyggjarane skal få høve til å gjera seg kjende med lokalt språk, historie, tradisjon og litteratur".

Prosjektgruppa er difor i gang med å eit forprosjekt for eit såkalla kunnskapsnett eller lokal kunnskapsbase for Stord. Forprosjektet skal meir konkret vurdere korleis bygdebokarbeidet kan utviklast til å verta eit samlande prosjekt for produksjon og formidling av kunnskap om Stord med internett som ein sentral formidlingskanal.

Det vil m.a. vera viktig å få oversikt over kva som finst i dag av publisert og upublisert materiale om Stord, og få kartlagt kva faglege ressursar som er tilgjengelege både i og utanfor kommunen for å få fram ny kunnskap. På ein slik bakgrunn må forprosjektet peika på målsetjingar og målgrupper og konkretisera rammevilkår i form av ressursar og organisering.

Det finst fleire forbilete og inspirasjonskjelder for ein slik base. Her kan nemnast Kulturhistorisk vegbok for Hordaland, Kulturhistorisk atlas og leksikon i Sogn og Fjordane, og ikkje minst opplegget for Den nasjonale kunnskapsbasen.

Ryggrada i basen kan vera relativt stutte leksikonartiklar om ulike emne, organisasjonar, bedrifter, institusjonar, gardar og tettstader og personar i kommunen. Det må vera lenker internt i basen til utdjupande stoff i form av artiklar og ikkje minst kjeldestoff, og lenker til andre nettstader i eller utanfor lokalsamfunnet. Det er på sikt aktuelt å leggja ut både bilete, film og lyd i tillegg til tekst. Me er også interessert i ta i bruk kart som inngang til delar av materialet.

Sjølv om planane så langt er store, må me ta eit steg om gongen. Byrjinga vil nok bli ein relativt enkel nettstad knytta til Stord kommune sine heimesider som vert lagt i slutten av denne månaden.

Brukarperspektivet må liggja i botn. Det er som det står i stortingsmeldinga, "naturleg å vurdere nærare korleis samordningspotensialet kan utviklast slik at brukarane kan få lettast mogleg tilgang til kombinerte tenester." Problemet for brukarane i dag er at den litteraturen og dei kjeldene som finst er spreidde og vanskeleg tilgjengelege.

Oppbygginga og utviklinga av kunnskapsbasen må tuftast på eit breitt samarbeid både i og utanfor kommunen. I tillegg til lokale og regionale ABM-institusjonar er det viktig å dra inn

ulike brukargrupper i arbeidet. Eg tenkjer då ikkje minst på utdanningssektoren frå barnehage til høgskule. Kulturvernmiljøa er sjølvsegde samarbeidspartnarar, men også organisasjonane, slik som dei mange velforeiningane, bedriftene og institusjonane er aktuelle samarbeidsgrupper. Brukarane sjølv kan vera med og yta sitt til basen, men ein redaksjon må ha ansvar for kvalitetssikring.

På Stord er bibliotek og museum godt dekkja med folkebiblioteket, høgskulebiblioteket og folkemuseet. Verre er det med arkiv. Det finst ingen eigen arkivinstitusjon, men kommunen er med i det interkommunale arkivet som har ordna kommunearkivet fram til 1965. Museet har nokre mindre privatarkiv og eit større fotoarkiv, og kommunen har hand om eit stort gruvearkiv og fylkesarkivet har fått deponert eit eldre skipsbyggingsarkiv. Men det trengst innsamlingsarbeid både av foto, organisasjonsarkiv og livsminne for å nemna nokre viktige område.

Får me dette prosjektet – eller prosessen er vel rettare sagt – skikkeleg i gang trur eg det vil verka stimulerande for ABM-samarbeidet både lokalt og regionalt. Og baktanken er sjølv sagt at vårt opplegg kan vera inspirerande for andre kommunar. Men for å vri på ein sentens av statsvitaren Stein Rokkan: Initiativ og idealisme tel, men til sjuande og sist er det ressursane som avgjer. Tida får visa kva me får til.